

2023

Bustadpolitisk handlingsplan 2023-2035



Bustadpolitisk handlingsplan 2023-2035
vedteken i Kommunestyret (PS 85/23) 06.11.23

Alle skal bu trygt og godt i Sykkylven kommune

Innhald

| | |
|---|----|
| Forord..... | 2 |
| Samandrag | 3 |
| Innleiing..... | 4 |
| Nasjonale, regionale og lokale føringar | 5 |
| Mål og satsingsområde | 8 |
| Satsingsområde 1..... | 9 |
| Ingen i Sykkylven kommune skal vere bustadlaus..... | 9 |
| Satsingsområde 2..... | 10 |
| Sykkylven kommune har tilgjengelege og gode bustader | 10 |
| Satsingsområde 3..... | 13 |
| Sykkylven kommune skal arbeide for at fleire kan bu i eigd bustad | 13 |
| Satsingsområde 4..... | 14 |
| Sykkylven kommune skal auke samarbeid mellom ulike einingar og sektorar for heilskapleg oppfølging av bebuarar..... | 14 |

Forord

Gode planar og styringsprosessar er ein føresetnad for at Sykkylven kommune kan ivareta rolla si som tenesteytar, samfunnsutviklar og demokratisk arena.

Sykkylven kommune

- Sykkylven kommune skal vere ein stad der folk vil bu
- Det er innbyggjarane som skaper livsgrunnlaget for Sykkylven kommune og som gir kommunen og næringslivet nødvendig tilgang på arbeidskraft og evne til å utvikle seg
- For at innbyggjarane opplever at dette er ein god stad å bu, er trygge og trivelege bustader viktig

Planen skal vere med å bidra til å stake ut vegval, foreslå konkrete tiltak og skal bidra til å nå overordna mål i samfunnsplanen til kommunen.



Samandrag

Føremålet med ein bustadpolitisk plan er å etablere ein heilskapleg bustadpolitikk for Sykkylven kommune som skal sikre at bustadutvikling i kommunen vert heilskapleg, målretta og effektiv. Bustadpolitisk plan er eit styringsverktøy for kommunen sin administrasjon og politikarar.

For Sykkylven kommune er dette eit strategisk plandokument for den generelle og den sosiale bustadpolitikken. Den generelle delen skal bidra til gode vilkår for den bustadsosiale delen, og bustadpolitikken skal sjåast som ei heilheit. Planen skal sikre at kommunen er målretta og har eit godt koordinert arbeid inn mot å sikre rett bustad til rett tid til rett innbyggjar.

Ny lov om kommunen sitt ansvar på det bustadsosiale feltet tredde i kraft frå 1. juli 2023. Formålet med lova er å få klarare og meir samla regelverk på det bustadsosiale feltet, som kan gi høgare måloppnåing i det bustadsosiale arbeidet.

Målgruppa for handlingsplanen er innbyggjarar som

- Er utan bustad (bustadlaus)
- Står i fare for å miste bustad
- Bur i ueigna bustad eller bu miljø

Hovudmålet til planen er at alle skal bu trygt og godt i Sykkylven kommune. Alle skal ha ein stad å bu og med den rette hjelpe frå Sykkylven kommune kan alle meistre å bu.

Satsingsområda til planen:

- Ingen i Sykkylven kommune skal vere bustadlause
- Sykkylven kommune skal ha tilgjengelege og gode bustader
- Sykkylven kommune skal jobbe for at fleire kan bu i eigd bustad
- Sykkylven kommune skal auke tverrfagleg samarbeid for heilskapleg oppfølging av bebuarar

Kommunen sitt behov for bustadar i planperioden:

| Framskriving av behov | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2030 | 2035 |
|---|------|------|------|------|------|------|------|
| Barne- og avlastningsbustad med personaldel og fellesareal | | 2+2 | | | | | |
| + tilbygg barne og avlastning m/1 leilegheit og uteområde | | | 1 | | | | |
| Bukollektiv eldre med utviklingshemming m/fellesareal | 5 | 7 | | | | | |
| Bukollektiv eldre m/fellesareal | | | 7 | | | | |
| Bustader med heimebasert omsorg til eldre | | | 10 | | 10 | | |
| Bustader med heimebasert omsorg til personar med utviklingshemming | | | 12 | | 12 | | |
| Bustader med heildøgntenester til personar med utviklingshemming | | | 8 | | 8 | | |
| Småhus – (hardbrukshus) – eigna tomter 2+2 frittstående | | | | 4 | | | |
| Bufellesskap for psykiatri | | | 4 | | | | |
| Institusjonsplassar | | | | 2 | | 11 | 14 |
| Bustader med heildøgns omsorg | | | | | 10 | 10 | |

Innleiing

Bustadpolitisk plan

Sykkylven kommune skal vere ein stad der folk vil bu. Det er innbyggjarane som skapar livsgrunnlaget for Sykkylven kommune og som gir kommunen og næringslivet nødvendig tilgang på arbeidskraft og evne til å utvikle seg. For at innbyggjarar opplever at dette er ein god stad å bu, er trygge og trivelege bustader viktig.

Planen rettar seg hovudsakleg mot innbyggjarar som:

- Er utan bustad (bustadlaus)
- Står i fare for å miste bustad
- Bur i ueigna bustad eller bu miljø

Kommunen må medverke til at alle har husvære anten privat eller i ein kommunal bustad. Planen gjeld også personar som grunna helseutfordringar treng tilrettelagt bustad eller bustad med personale, knytt opp mot behovet for helsehjelp. Dette kan vere omsorgsbustad eller plass i sjukeheim. Ein betydeleg del eldre kan få helse og omsorgstenester i eigen heim livet ut. Samtidig aukar tal eldre som vil ha behov for døgntenester.

Det er ei målsetting at eldre sjølv skal velje å flytte frå ueigna einebustad til meir lettstelte leilegheiter med sentrumsnære funksjonar i gangavstand. Det er for mange ei utfordring at eldre einebustader som ligg utanfor sentrum har lågare verdi enn nyare lettstelte leilegheiter, og som gjer det vanskeleg å leige eller kjøpe seg inn i desse.

Utfordringar for alle typer bustadar/bu tilbod, er avstand mellom tal og eignaheit ved bustadane kommunen disponerer, og det behovet som faktisk eksisterer. Bygningane er ikkje lenger optimale for moderne og ressurskrevjande heildøgns drift. Dagens kommunalt disponerte bustader omfattar i hovudsak ei eldre bustadmasse som er mindre eigna til formålet. Kommunen vil dei neste åra ha behov for fleire nye leilegheiter som har sentrumsnære funksjonar med gangavstand i 10- minuttars sentrum. Det vil og ut frå framskriving av tal eldre, personar med ulike former for nedsett funksjonsevne, og personar med rus og/eller psykiatri utfordringar, vere behov for ein auke i tal omsorgsbustader med heildøgnsstilbod og institusjonsplassar i planperioden.

Bustadpolitisk plan tek føre seg operative og strategiske oppgåver:

- Dei operative oppgåvene handlar om å gi råd og rettleiing, skaffe eigna bustadar, tildele økonomisk støtte, sette i gong bu- og nærmiljøtiltak, og å gi oppfølging og tenester i heimen.
- Dei strategiske oppgåvene handlar om å setje langsiktige mål, utvikle tiltak og verkemiddel for å nå desse måla, setje av økonomiske og faglege ressursar til arbeidet, og avgjere kvar og av kven dei ulike operative oppgåvene skal løysast.

Prosjektgruppa har bestått av sentrale funksjonar som i særleg grad har oppgåver og ansvar knytt til bustadpolitikken, plan og teknisk etat, samt samfunnsplanleggar, NAV, helse og omsorgstenestene, Flyktningtenesta, Sykkylven bustadselskap og Aure omsorg og økonomisjef.

Nasjonale, regionale og lokale føringar

Sykkylven kommune sine plikter er regulert i [Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltning](#), [Lov om kommunale helse og omsorgstjenester](#) og [Lov om kommunens ansvar på det boligsosiale feltet](#).

Ny lov om kommunen sitt ansvar på det bustadsosiale feltet tredde i kraft frå 1. juli 2023.

Formålet med lova er:

- å få klarare og meir samla regelverk på det bustadsosiale feltet, som kan gi høgare måloppnåing i det bustadsosiale arbeidet.
- førebygge bustadsosiale utfordringar og bidra til at vanskelegstilte på bustadmarknaden skal få bistand til å skaffe seg og behalde ein eigen bustad.

Dei skjerpa krava gjeld plikt til å ta bustadsosiale omsyn i planlegging og visse krav til sakshandsaming. Kommunen må ha oversikt over behov for både ordinære og tilpassa bustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Denne oversikta skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi. Når det gjeld sakshandsaming, presiserer lova at kommunen må fatte enkeltvedtak ved avgjersle om bustadsosial bistand til personar som ber om det

Ein av dei viktigaste berejlkane i velferdssamfunnet, er at [Alle trenger et trygt hjem \(2021-2024\)](#). Dette er ein nasjonal vedtatt strategi og legg ramme for kommunen sitt arbeid med bustadpolitiske spørsmål.

Dei nasjonale måla for bustadpolitikken er:

- Bustader for alle i gode bumiljø
- Trygg etablering i eigd eller leigd bustad
- Buforhold som fremmar velferd og deltaking

Det skal ut frå behov byggast nok bustader til å imøtekomme veksten/samansettinga hjå innbyggerane i Sykkylven, og bustadtypane som vert bygd skal dekke innbyggerane sine ulike behov med omsyn til storleik, standard, utforming, plassering og eigarform. Bustadane skal ha ei lokalisering som underbygger kommunen sine klimamål og nullvekstmål, samt ivaretek artsmangfald, kulturminne og kommunen sin eigenart.

Satsingsområda og tiltaka i planen tek utgangspunkt i den nasjonale strategien for sosial bustadpolitikk som omtalar fire overordna mål i arbeidet:

- «Flere skal kunne eie egen bolig»
- «Leie skal være et trygt alternativ»
- «Sosial bærekraft i boligpolitikken»
- «Tydelige roller, og nødvendig kunnskap og kompetanse»

[Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging \(2023-2027\)](#) legg føringar for å:

- «skape et berekraftig velferdssamfunn»
- «skape et økologisk berekraftig samfunn gjennom blant annet en offensiv klimapolitikk og en forsvarlig ressursforvaltning»
- «skape et sosialt bærekraftig samfunn»
- «skape et trygt samfunn for alle»

Samstundes vil [Leve heile livet](#) reforma vere førande for at eldre skal bu trygt heime. [Bo trygt hjemme](#) tok i juli 2023 over for reforma leve heile livet, og skal utfordre innbyggjarane til sjølv å engasjere seg i planlegging av eigen alderdom og utforming av sine omgjevnadar, og kommunen skal syte for å skape aldersvenlege butilbod. Dette skal legge grunnlaget for ein framtidsretta alderspolitikk gjennom innsatsområda:

- Kompetente og myndiggjorte medarbeidarar
- Levande lokalsamfunn
- Bustadtilpassing og planlegging
- Trygheit for tenester og støtte til pårørande

FN sine berekraftsmål

FN sine berekraftsmål skal leggest til grunn i all samfunnsutvikling i Sykkylven kommune. I arbeidet med bustadpolitisk handlingsplan er fylgjande berekraftsmål særleg viktige:

Mål 1 handlar om å **utrydde fattigdom**

Mål 3 handlar om **god helse og livskvalitet**

Mål 10 handlar om **mindre ulikskap** og delmål 10.3 handlar nettopp om å sikre moglegheiter for å redusere skilnader i levekår

Mål 11 handlar om **berekraftige byar og lokalsamfunn** og delmål 11.1 handlar nettopp om å sikre tilgang til tilfredsstillande og trygge bustadar.


Mål 17 handlar om samarbeid for å nå måla



Sykkylven kommune har nettopp utarbeidd kommuneplanen sin samfunnsdel 2023-2027 (kommunestyresak 16/23 27.03.2023)

Hovudtema er knytt til *Eit berekraftig Sykkylven, Verdiskaping, Livskvalitet, mangfald og likeverd, Tenestekvalitet og Busetting.*

Visjonen SKAPARGLEDE vart vedteken i 2011 og den legg føringar for Sykkylven kommune og skal symbolisere den kreative krafta og pågangsmotet som har lagt grunnlaget for dagens Sykkylvs-samfunn.



Sykkylven kommune sin visjon er SKAPARGLEDE.

Skaparglede symboliserer den kreative krafta og pågangsmotet som har lagt grunnlaget for dagens Sykkylvs-samfunn.

MÅL

Sykkylven er eit berekraftig lokalsamfunn med høg livskvalitet for innbyggjarane:

Utfordringar og moglegheiter

Livskvalitet er knytt til trygghet for arbeid og bustad, god helse, sosiale nettverk og aksept og rom for å vere den du er.

Gode, skapande og innovative samfunn er prega av mangfald og høg toleranse for ansleisheit.

Tiltak som bidreg til å førebyggje og motverke marginalisering og utanforskap frå tidleg alder kan gi store gevinstar, både for den einskilde og for lokalsamfunnet.

Å motverke utanforskap og arbeide for sosial inkludering er ei svært viktig oppgåve for offentleg sektor i åra framover.

Sykkylven har alle føresetnadar for at vi kan leve gode liv.

Sykkylven kommune vil:

Vere eit attraktivt og sosialt berekraftig samfunn for alle ved å:

- *Bygge på eit mangfald samfunn med fokus på likeverd og inkludering*
- *Ha universell utforming av offentlege bygg og uteområde*
- *Syte for at alle har tilgang til trygge og tilgjengelege bustadar*
- *Arbeide for å styrke frivilligheit, gode møteplassar og sosiale nettverk*

- Bygge vidare på biblioteket som ein attraktiv møteplass for alle alders- og interessegrupper-
- Styrke kultur, idrett og friluftsliv
- Skape gode oppvekstvilkåra for barn og unge
- Vere eit aldersvenleg samfunn
- Vere ein trafikktrygg kommune

Gjere slik at innbyggjarane meistarar eigen livssituasjon og er friske ved å:

- Fokusere på heile livsløpet
- Arbeide særleg for at eldre skal meistre eigen kvardag
- Tenke folkehelse i all kommunal aktivitet
- Stimulere sosiale møteplassar og lågterskeltilbod
- Sette eit særleg fokus på friluftsliv som helsefremmande tiltak
- Sikre nærturområde, lokale badeplassar og turvegtrasear
- Opparbeide gode tilkomstmoglegheiter til turområde
- Arbeide for vidare utbygging av gang- og sykkelveggar
- Følgje opp alle lovkrav til universell utforming av bygg og uteområde

Sykkylven vil vere eit berekraftig lokalsamfunn med høg livskvalitet for innbyggjarane. Vi har over lang tid opplevd stor vekst i velstand og rikdom i Noreg, men ulikskapen har heller aldri vore større. I vår kommune ser vi og at skilnadane blir større. Utanforskap kan ramme alle. Gjennom tiltaka i dei 4 satsingsområda vil kommunen ilag med innbyggjarane arbeide for god livskvalitet, mangfald og likeverd for alle.

Mål og satsingsområde



Satsingsområde 1

Ingen i Sykkylven kommune skal vere bustadlaus

Sykkylven kommune skal førebyggje at innbyggjarar blir bustadlause eller bur i ueigna bustad eller bu miljø. Sjølv om dei fleste bur godt i kommunen er det nokre som manglar ein god plass å bu. Dårlege butilhøve eller å vere bustadlaus påverkar livskvaliteten negativt og det er vanskeleg å ta imot og nytte seg av velferdstenester, gjennomføre utdanning og delta i arbeidslivet. Ein utrygg bu situasjon gjer integrering utfordrande, samstundes som vegen til kriminalitet, rusproblem og psykiske vanskar kan bli kortare.

Den nye lova presiserer kommunen sitt ansvar og NAV-kontoret si plikt til å medverke i det bustadsosiale arbeidet. Bu miljø og plassering har betydning for sosial inkludering. Konsentrasjon av bustadar til vanskelegstilte kan bidra til å forsterke sosiale problem, og NAV-kontoret bør så langt som mogleg medverke til å unngå dette.

Midlertidig bustad

Om ein ikkje klarar å finne seg bustad sjølv skal NAV kommune bistå ein med å finne eit midlertidig bu tilbod. Eit midlertidig tilbod skal hjelpe i ein akutt situasjon. NAV vil kunne gi råd og rettleiing, slik at brukaren kan finne seg ein varig bustad. For nokre personar vil det også vere hensiktsmessig at NAV stille med depositums garanti om dei ikkje har økonomi til det sjølv.

Hindre tvangsutkasting

Utkasting frå bustad ved tvang fører til redusert livskvalitet. Kommunen skal arbeide førebyggjande med å hindre tvangsutkasting. Personar som ikkje er i stand til å skaffe seg eigen bustad grunna lav inntekt, høg gjeld og/eller manglande ressursar til å forvalte eigen økonomi. Rett og tilstrekkeleg oppfølging av bustad som aktivitetar, arbeid, økonomirettleiing og brukarmedverknad er viktige bidrag for å forhindre utkasting. Frivillig eller tvungen forvaltning vil for nokon vere avgjerande for å meistre å bu.

Det er viktig at kommunen sikrar bustad til innbyggjarane det vil vere avgjerande for å kunne ta imot behandling i helsevesenet samt oppfølging frå NAV angående arbeid og aktivitet.

Mål 1.1: Vedtak om midlertidig bustad skal reduserast

- Tiltak 1: Sikre bustadsosiale omsyn i kommunen sitt arbeid med planstrategi
- Tiltak 2: Vi må sikre god samhandling mellom dei kommunale tenestene som NAV, bustadselskapet og helsetenestene for å hindre utkasting grunna manglande betaling av husleige eller straum, gjennom faste samarbeidsmøte
- Tiltak 3: Utarbeide rutine for sakshandsaming ved behov for enkeltvedtak ved avgjersle om bustadsosial bistand til personar som ber om dette.
- Tiltak 4: Betre informasjonen om kvar tilsette kan melde frå om bekymringar for bebuar si forverring av tilstand og om born som har dårlege butilhøve.

Mål 1.2: Ingen bør kastast ut ved tvang frå kommunale bustadar

- Tiltak 5: Lage informasjonsbrosjyre til leigetakar om konsekvensar ved misleghald av leigekontrakt
- Tiltak 6: Utarbeide rutine for tilsette som arbeider i oppfølgingstenestene
- Tiltak 7: Nytte *Housing First* tenkinga der ein legg vekt på bebuar sine ynskjer og val saman med oppfølgingstenesta

Satsingsområde 2

Sykkylven kommune har tilgjengelege og gode bustader

Sykkylven kommune skal syte for eigna og nok kommunale bustadar. Bustadane skal ha eit godt nærmiljø og nærleik til aktivitetstilbod, tenester og transport.

Målretta kommunal bustadmasse

Kommunen som **samfunnsutviklar** skal legge til rette for noverande og framtidige behov for bustad. Bustadbygging i den ordinære bustadmarknaden skjer i Sykkylven i regi av private utbyggjarar. Kommunen er eigar og forvaltar av areal, fleire samfunnsnyttige eigedommar og ressursar.

Gode bustadpolitiske slutningar krev samordning og utstrekt samarbeid både internt og eksternt i kommunen; med innbyggerane, utbyggjarar, næringsliv og andre samarbeidspartar. Kommunen skal difor organisere seg slik at samfunns- og tenesteyting kan utviklast i tråd med føringar og strategiar til det beste for kommunen sine innbyggerar.

Lovpålagde bustadrelaterte **tenester** blir ytt brukar- og pasientretta av NAV samt kommunalområdet Helse . Kommunen si byggesaksavdeling er i tillegg ein sentral del av dei lovpålagde tenestene, og ein viktig del av bustadpolitikken.

Kommunale bustader skal ha ulike løysingar for fellesskap og bustadformer som er tilpassa innbyggerar som i hovudsak er vanskelegstilte på bustadmarknaden. Kommunen vil dei komande åra ha behov for ein betydeleg auke i tal plassar med heildøgns omsorg som inkluderer institusjonsplassar slik framskrivinga viser om vi skal fortsette som før. Framover vi ha færre yrkesaktive som skal sørve fleire eldre. Dette bidreg til at vi må omstille oss, tenke nye måtar å løyse oppgåvene på, dreie tenestene – styrke heimebasert omsorg og avlastning for pårørande for at fleire skal bu heime trygt og godt. Sjukeheimplass er for dei med omfattande pleiebehov. Dette medfører at vi må ha nye og gode buformer med fellesfunksjonar, sentrumsnære leilegheiter som kan skape bulyst for å sikre at vi i Sykkylven legg til rette for at fleire kan bu heime heile livet. Dette krev ei omstilling både for tenestene, for innbyggerane og samfunnet vårt.

Demografisk utvikling viser ein auke i tal eldre med demenssjukdom mange av desse vil ha behov for heildøgns omsorg. Bygningsmasse nytta til heildøgns omsorg i dag er av eldre dato og vil ha behov for investeringar for å ivareta tilfredsstillande standard i åra som kjem. Ei av utfordringane er utforminga av bygg som gjer det vanskeleg å drive meir kostnadseffektivt og utfordrar også

tilgjengelegheit til nok personell i åra som kjem. Når framskrivinga viser færre personar i yrkesaktiv alder samtidig som tal eldre aukar, vil utforminga av bygget ha stor betydning for effektiv bruk av personalressursar.

Når tal eldre aukar vil og tal personar med demenssjukdom auke. Det er denne gruppa som i hovudsak vil vere dei som får plass i heildøgns omsorg. Allereie i dag viser statistikk at 4 av 5 som bur på sjukeheim har ein demens sjukdom. Aldersvariasjonar mellom dei ulike pasientane kan vere stor, og i tillegg kan dei ha sterk grad av utfordrande åtferd knytt til sjukdommen. Dette gjer at eksisterande bygningsmasse ved omsorgssenteret i stadig mindre grad kan tilby tilfredsstillande bustad- og arbeidsforhold.

Viktige kriteria som vi må legge til grunn for at fleire skal kunne bu heime trygt og godt er:

- Innbyggjar og brukarmedverknad
- Type bustader
- Geografisk plassering
- Nærrområde
- Effektiv drift

Universell utforming skal vere ein premiss ved nye bustadprosjekt og ved oppussing av eksisterande bustadmasse. I kva grad bustadane skal vere universelt utforma skal vere spesifisert i kravspesifikasjon. Informasjon om tilskot og tilpassing av sjøelveigande bustadar skal vere tilgjengeleg for å utfordre innbyggjarar til å engasjere seg i planlegging av eigen alderdom og utforming av sine omgjevnadar i tråd med *Leve heile livet* reforma (eller framover *Bo trygt hjemme* reformen).

Plan for vedlikehald og førebyggjande innsats for å hindre øydeleggingar i bustad må til for å redusere reparasjonsarbeid. Viktige verkemiddel er brukarmedverknad, tett bu oppfølging i form av miljøarbeid og opplæring i bruk av bustad. Ein må også vurdere av bruk av bu- og tenesteavtalar som forpliktar oppfølging særskilt dei som har lågast bu evne og som ein periode kan vere tent med å bu i småhus (tidlegare kalla robust bustad).

Lokalisering, nærmiljø og transport

Innbyggjarar som bur i kommunal bustad har ofte ikkje moglegheit for å nytte bil og er då avhengig av gangavstand eller eit godt kollektivtilbod for å ta seg fram til butikk, offentlege tenester, og deltaking i arbeid og aktivitetar.

Kommunen skal sørge for ein variert bebuarsamansetnad og fremje mangfald for å førebyggje utanforskap. Kommunale bustadar bør så langt det går integrerast i vanlege bu miljø. Lokalisering av bustad er og avgjerande for psykisk helse. Spreidd busetting gjev betre høve til integrering i samfunnet, men samtidig er dette utfordrande i Sykkylven om ein er avhengig av kollektivtransport. Kommunen skal arbeide for å unngå hyppig flytting av bebuarar, og spesielt barnefamiljar.

Mål 2.1: Målretta tilgjengeleg bustadmasse for kommunen sine bustadsosiale behov

- Tiltak 8: Ved rullering av planverk – ivareta bustadsosiale utfordringar
- Tiltak 9: Stimulere til offentleg og privat samarbeid for å bygge sentrumsnære leilegheiter både for ordinær bustader og for kommunen sine bustadsosiale behov
- Tiltak 10: Strukturere bustadrettlegg og tildeling av kommunalt disponerte bustader

- Tiltak 11: Innføre Husbanken sitt system for sakshandsaming i tildeling og forvaltning av bustad (KOBO)
- Tiltak 12: Byggje nye kommunale bustadar med ulik grad av fellesfunksjonar og bustadformer for å vere tilpassa ulike behov
- Tiltak 13: Gjennomføre prosjekt for framtidige behov for type plassar det er behov for ved omsorgssenteret.
- Tiltak 14: sikre berekraftige institusjonsplassar ut frå framskriving, oppgåveglidning mellom 1. og 2. linetenesta

Mål 2.2: Kommunalt disponert bustadmasse skal vere i god stand

Ingen bustadar skal over tid stå tomme grunna oppussing.

- Tiltak 15: Byggje 4 bustadar (småhus) som er tilpassa bebuarar med svak bu evne på eigna tomt
- Tiltak 16: Vurdere bruk av bu- og tenesteavtale for å auke bebuarar si bu evne
- Tiltak 17: Utarbeide plan for vedlikehald av rom/leilegheiter ved omsorgssenteret
- Tiltak 18: Opprette kravspesifikasjon for kommunalt disponerte bustadar
- Tiltak 19: Utarbeide rutine for synfaring ved kjøp og sal av kommunalt disponerte bustadar

Mål 2.3: Kommunale bustadar tilrettelagt for rullestolbrukarar skal auke

- Tiltak 20: Auke informasjon og kompetanse om universell utforming mellom tilsette og eksterne utbyggjarar
- Tiltak 21: Søke tilskot til universell utforming for kommunalt disponerte bustadar eller selje dersom det har større kostnadseffekt

Mål 2.4: Variert bebuarsamansetting og spreidd lokalisering av kommunale bustadar

- Tiltak 22: Utarbeide overordna strategi for plassering av kommunale bustadar i kommunen som ein del av strategi for bustadutvikling
- Tiltak 23: Arbeide for tilgjengeleg kollektivtransport i avsidesliggande område slik at innbyggjarar kan delta i arbeid og på aktivitetar
- Tiltak 24: Vurdere å flytte bebuarar som bur i område med opphoping av levekårsutfordringar. Ved flytting av bebuarar skal det ytast bu-oppfølging

Satsingsområde 3

Sykkylven kommune skal arbeide for at fleire kan bu i eigd bustad

Det å eige eigen bustad gir større økonomisk tryggleik, lågare månadlege utgifter og meir stabile og trygge butilhøve enn å bu i leigd bustad. Aktiv rettleiing, informasjon og strategi for bruk av økonomiske verkemiddel må til for at fleire kan bu i eigd bustad. Informasjon og rettleiing skal vere tilgjengeleg for dei som ikkje forstår norsk. Tilgjengeleg og rimeleg kollektivtransport i avsidesliggende område kan gjere det enklare for innbyggjarar å kjøpe bustad i område med lågare bustadpris. Det bør byggjast fleire bustadar i ulike prisklasser for å møte den aukande folkeveksten og for at bustadprisane vert lågare slik at fleire kan bu i eigd bustad.

Leige-til-eige

Ikkje alle kan eige ein bustad med ein gong, nokre treng tilbod om å leige før dei kan eige, anten kommunal bustad eller med private. Kommunen ønsker å stimulere til fleire av Husbanken sine verkemiddel, og vil auke omfang av verkemiddelet [Leige-til-eige](#). Brukarmedverknad skal ligge til grunn for leige-til-eige modellen.

Mål 3.1: 5 personar skal delta i prosjekt Leige-til-eige innan 2027.

- Tiltak 22: Betre og fleirspråkleg informasjon om økonomiske verkemiddel, tilpassing av bustad og hjelpemiddel, informasjonsbrosjyre, heimeside, informasjonsmøte for innbyggjarane, informasjonsflyt til tilsette.
- Tiltak 23: Kartlegge *Leige-til-eige* modellar og gjennomføre pilot *Leige-til-eige* for aktuelle kandidatar.
- Tiltak 24: Utvikle gode reiskap for medverknad for brukarmedverknad for personar med utviklingshemming.

Satsingsområde 4

Sykkylven kommune skal auke samarbeid mellom ulike einingar og sektorar for heilskapleg oppfølging av bebuarar.

Bustadsosialt arbeid er komplekst og krev nye former for organisering og auka tverrfagleg samarbeid for å sikre trygg busetting og heilskapleg oppfølging. Den nye lova skjerpar kommunen si plikt til å ta bustadsosiale omsyn i planlegging, samarbeid på tvers av sektorar og å gi individuelt tilpassa hjelp til vanskelegstilte på bustadmarknaden, samt strengare krav til sakshandsaming.

Heilskapleg oppfølging

Reell medverknad, samskaping og kontinuitet i oppfølging må til. Det må innhenta perspektiv frå dei det gjeld. Nokre innbyggjarar er i ein vanskeleg situasjon i ein kort periode og treng berre litt rettleiing eller økonomisk hjelp til å betre situasjonen sin, andre treng omfattande oppfølging og tenester over lang tid for å meistre å bu. Rett bustad til rett person og rett tid må til for at innbyggjarane skal bu trygt og godt. Søknadsprosessane skal vere enklare og meir samkøyrde. Det skal vere tett dialog med søkar for å kartlegge søkar sine ønske og behov. Informasjon må vere tilgjengeleg, god, tydeleg og forståeleg. Tilsette skal vere sikre på jobb og det skal gjennomførast kurs i vald- og truslar for å førebygge uheldige hendingar. God samhandling mellom kommune, spesialisthelsetenesta og kriminalomsorga kan vere avgjerande for ein trygg bu situasjon.

Rolle og ansvarsfordeling

Tydelege og avklarte ansvarsområde, felles rutinar for samarbeid, oppdaterte samarbeidsavtalar og auka delt kompetanse vil vere vesentleg for at kommunen skal yte gode tenester og bu tilbod til innbyggjarane. Bustadsosialt arbeid kan delast i operative og strategiske oppgåver:

- Operative oppgåver er å gi råd og rettleiing, skaffe eigna bustad, tildele økonomisk støtte, sette i verk bu og nærmiljø tiltak og å gi oppfølging og tenester i heimen.
- Strategiske oppgåver handlar om å sette langsiktige mål, utvikle tiltak og verkemiddel for å nå måla, sette av økonomiske og faglege ressursar til arbeidet og avgjere kor og kven som skal løyse dei ulike oppgåvene.

Organisering med innbyggjar i sentrum

Sykkylven kommune skal ha ei føremålstenleg bustadsosial organisering. Etablering av eit tverrfagleg bustadsosialt team skal gje eit heilskapleg teneste- og bustadtilbod og auke samhandlinga mellom tenestene. Medverknadsprosessane syner at «Ei dør inn» til bustadhjelp vil gjere det enklare å oppnå kontakt med rett instans både for innbyggjar og tilsett. Det bustadsosiale teamet skal vere sett saman av eksisterande kompetanse (tildeling, forvaltning av bustadar og bruk av økonomiske verkemiddel) i tillegg skal kommunen ha ressursar til:

- Økonomisk rettleiar for at bebuar skal kunne handtere eigen økonomi og slik kunne eige eigen bustad eller leige bustad.
- Miljøarbeidar som skal følgje opp og motivere bebuarar til å meistre og bu.
- Leiarfunksjon som har ansvar for det bustadsosiale teamet.

Mål 4.1 Bustadsosialt arbeid med innbyggjar i sentrum

- Tiltak 25: Kartlegge søkjar sine ønsker og behov gjennom tett dialog ved tildeling av bustad.
- Tiltak 26: Nytte rutine for brukarmedverknad i all sakshandsaming i tildeling av bustad.
- Tiltak 27: Etablere eit bustadsosialt team med kompetanse i tildeling, forvaltning av bustadar og bruk av økonomiske verkemiddel, økonomirettleing, miljøarbeid og leiarfunksjon.

Mål 4.2 Tydeleg rolle- og ansvarsfordeling i bustadsosialt arbeid

- Tiltak 28: Utarbeide retningsliner for arbeid med bustadsosialt arbeid som inneheld rutine for samarbeid, oppfølging og rolle avklaring.
- Tiltak 29: Redigere vedtaksbrev og husleigekontrakter i tråd med [Klart språk](#).
- Tiltak 30: Inngå samarbeidsavtalar med ulike samarbeidspartar i det bustadsosiale arbeidet.
- Tiltak 31: Gjennomgang og vurdering av forvaltning system som nyttast til bustadsosialt arbeid.

Mål 4.3 Auka tverrfagleg samarbeid og kompetansedeling mellom sektorar

- Tiltak 32: Utarbeide rutine og gjennomføre kurs i handtering av vald og truslar i kommunen.
- Tiltak 33: Årleg bustadsosial workshop på tvers av avdelingar/sektorar.
- Tiltak 34: Gjennomføre opne innbyggjardialogar og paneldebattar innan bustadsosiale tema